

PÅMELDING

Tid: Onsdag 17. mars 2010

Stad: Grand hotell Terminus
Zander Kaaesgt.6, Bergen

Pris: Gratis

Påmelding:
www.hordaland.no/naring

Ved spørsmål kontakt Jorun Seim Tennebekk
på e-post: jorun-seim.tennebekk@post.hfk.no

Påmeldingsfrist:
Snarast og helst innan
fredag 12. mars 2010



Miljøfyrtårn

Hordaland fylkeskommune ynskjer at Næringskonferansen frå no av skal vere miljøsertifisert.

Den skal vere eit miljøvenleg arrangement som skal inspirere til gode miljøval.

Vi oppmodar deltakarane og aktørane som bidreg til å gjere miljøriktige val både før, under og etter konferansen.

Reis miljøvenleg til konferansen!

Grand Hotel Terminus ligg i gangavstand frå både tog - og busstasjonen i Bergen sentrum. For dei som må køyre bil, køyr i same bil!

Av omsyn til miljøet vil papirmengda verte minst mogeleg. Ta difor med deg dette programmet til konferansen!



Hordaland fylkeskommune
Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen
tel 55 23 90 00

www.hordaland.no

Næringskonferansen i Hordaland 2010

Onsdag 17. mars 2010
Grand Hotel Terminus, Bergen



Næringskonferansen i Hordaland 2010

Velkommen

Hordaland fylkeskommune ønsker samarbeidspartnarar og næringsutviklarar velkomne til vår årlege Næringskonferanse. Dette er ein viktig møteplass for drøfting av felles utfordringar i arbeidet med næringsutvikling i Hordaland.

Gjennom forvaltningsreforma frå 1.1.2010 har fylkeskommunen fått nye viktige oppgåver og ei styrka rolle som regional utviklingsaktør. Vi er m.a. blitt medeigarar i Innovasjon Noreg, vi har fått ansvar for havbruk og landbruk, og vi skal ha eit større ansvar for regional innovasjon. Desse nye oppgåvene krev også eit godt samspel med kommunane og næringsorganisasjonane.

Vi har fått ønske om å fokusere meir på planlegging for næringsutvikling. Dette blir derfor eit av hovudtemaene på årets konferanse.

I fjor tok vi opp dei såkalla førstelinetenestene med særleg vekt på entreprenørskap og etablerarar. I år går vi vidare til den såkalla andrelinja - med næringshagar og inkubatorar, og stiller spørsmål om kva dei kan bidra med for auka verdiskaping i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune har også ansvar for klima og miljø. Frå no av skal næringskonferansane vere miljøfyrtårnsertifisert. Den skal vere eit miljøvenleg arrangement som inspirerer til gode miljøøval. Vi oppmodar deltakarane og aktørane som bidreg til å gjere miljøriktige val både før, under og etter konferansen.

For meir informasjon sjå våre nettsider
www.hordaland.no/naring

Eg ynskjer dykk alle velkomne til ein konferanse som eg håpar vil vere matnyttig og til inspirasjon for alle som arbeider med regional næringsutvikling!


Jan Per Styve
regionaldirektør

Program

Møteleiar: Regionaldirektør Jan Per Styve, Hordaland fylkeskommune

09.00 Registrering og myldring
med kaffi og noko å bite i

09.30 Opning
ved fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg.
Kulturelt innslag

**09.50 Korleis kan vi gjere Hordaland til
"Næringsutviklingsfylke nr 1?"**
ved regionaldirektør i Hordaland fylkeskommune, Jan Per Styve.

Planlegging for næringsutvikling

**10.00 Kommunal plan og lokalt næringsliv
– handlingsrom for regional utvikling**
ved plansjef i Hordaland fylkeskommune, Marit Rødseth.

10.30 Felles strategiar for utvikling av næringsareal
ved administrerande direktør i BRB, Asbjørn Algrøy.

**11.00 Arealplanlegging i praksis
– nye næringsområde rundt Mongstad**
ved arealplanlegger i Lindås kommune, Aslaug Aalen.

11.20 Diskusjon og spørsmål

Infrastruktur for innovasjon og entreprenørskap – andrelinje tenesta

11.30 SIVA – nasjonal aktør med regionalt fokus
ved direktør Innovasjon i SIVA, Jon Johansen.

12.00 Lunsj

13.00 Inkubasjon i Hordaland – frå idè til vekst
ved inkubatorleiar i Atheno Industriinkubator, Astrid Kjellevold Steinsland og inkubatorleiar i Nyskapingsparken Inkubator, Bjarte Horn.

Aktuelt – frå og for Hordaland

13.45 Ny plattform for regional forskingsinnsats
ved seniorrådgjevar i Hordaland fylkeskommune, Jone Engelsvold.

14.15 Beinstrekk

14.30 Ny næringsseksjon og RUP 2010
ved konstituert næringsseksjon i Hordaland fylkeskommune,
Arthur K. Arnesen.

Inspirasjon.

15.00 Akvariet i Bergen – om krokodiller og strategi
ved direktør for Akvariet i Bergen, Kees Oscar Ekeil.

15.30 Takk for i dag og vel heim!

**Påmeldingsfrist:
Snarast og helst innan
fredag 12. mars 2010**